



Miljødirektoratet
Postboks 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2021 - 23/10046

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@osteroy.kommune.no

Dato:
05.05.2023

Søknad om kvotefri avskyting av hjortekalv i Osterøy kommune for jaktsesongen 2023/2024 - Dykkar referanse 2023/4440

Vi viser til informasjonsskrivet frå Miljødirektoratet av 12.04.23, om høvet for å søkje om kvotefri avskyting av hjortekalv for jaktåret 2023/2024, saksnummer 2023/4440.

Med bakgrunn i dette søker Osterøy kommune om løyve til å innføre ei slik avskyting for komande hjortejakt.

I følgje brevet dykkar, tek tilbodet om kvotefri avskyting av kalv utgangspunkt i store hjortebestandar i delar av landet, med omfattande interesse- og brukskonfliktar, spesielt knytt til landbruksnæringa (skadepress på jordbruksareal). Av dette går det fram at føremålet med tiltaket er å avgrense konfliktane som oppstår.

Hjortebestanden i Osterøy kommune har vore i vekst dei siste ti åra, med eit aukande skadepress på innmark. I dette høvet har kommunen fastsett politiske mål om å stoppe bestandsveksten og å redusere bestanden. Nedsetjing av minstearealet for jakt på hjort, er her nytta som verkemiddel i bestandsforvaltninga. Talet på tildelte fellingsløyve - og uttaket av dyr under jakta - har av den grunn gått opp dei siste åra.

Kommunen har vektlagt høg tildeling av kalv over fleire år, med eit årleg jaktuttak kring 30-35 % av felte dyr. I denne samanheng er 6 av dei 35 hjortevalda knytt til planbasert forvaltning gjennom godkjende bestandsplanar. Arealet for desse valda utgjer kring 45 % av alt teljande hjorteareal i kommunen.

Bestandsutviklinga dei seinaste åra, basert på fellingsresultat og «Sett hjort»-registreringar, indikerer ulik utvikling i kommunen. Det er teikn på at veksten har stoppa opp nokre stader, med nedgåande trend, medan det framleis er mykje dyr andre stader, spesielt i jordbruksområde, i sommarsesongen.

Bakgrunnen for søknaden vår om kvotefri avskyting av kalv, tek utgangspunkt i bruk av eit ekstra verkemiddel i bestandsforvaltinga. Dette for å stimulere til høgare uttak av aldersgruppa, enn kva ordinær tildeling legg opp til.

Søknaden for komande jakt sesong er ei vidareføring av søknaden - og løyvet - frå jakta i 2022. Det er ikkje endeleg bestemt at kommunen vil nytte eit løyve frå Miljødirektoratet til å innføre kvotefri avskyting av hjortekalv for komande jakt sesong. Dette vil bli vurdert nærare ved i samband med tildeling av fellingsløyve.

I søknaden om «fri kalv» vel vi å sjå kommunen under eitt, og det vert søkt om kvotefri avskyting av kalv for alle hjortevald i kommunen ved jakt sesongen 2023/2024, jamfør oversynet nedanfor:

<u>Namn på hjortevald</u>	<u>Bestandsplanbasert forvalting</u>
4630V0001 Raknes-Dale	Nei
4630V0002 Birkeland-Tepstad-Mjelstad	Nei
4630V0003 Burkeland – Børtveit	Nei
4630V0004 Håland – Fugledale	Nei
4630V0006 Hamre-Eikeland-Skår-Kvamme	Nei
4630V0008 Rundhovde – Valestrand	Nei
4630V0009 Edvardsdal – Elvik	Nei
4630V0013 Askeland	Nei
4630V0014 Hausberg – Sundland	Ja
4630V0015 Votlo	Nei
4630V0016 Mjeldalen Hjortevald	Ja
4630V0017 Rolland og Omland	Ja
4630V0018 Vikne-Kvisti-Hundhammer	Nei
4630V0025 Hagenes	Nei
4630V0026 Heimvik	Nei
4630V0027 Kleiveland	Nei
4630V0028 Tysse	Nei
4630V0029 Tyssebotnen	Nei
4630V0032 Vestre Kleppe	Nei
4630V0033 Birkeland-Hanstveit	Nei
4630V0034 Bernes	Nei
4630V0036 Herlandsfoss	Nei
4630V0037 Vare	Nei
4630V0040 Øvsthus	Nei
4630V0042 Åsen Hjortevald	Nei
4630V0043 Lonevåg Hjortevald	Ja
4630V0045 Hartveit og Vedå Hjortevald	Nei
4630V0048 Lidtun-Skjerping-Tveiterås HV	Nei
4630V0049 Sør fjorden Hjortevald	Ja
4630V0050 Åsheim-Tveiten-Gatland-Fotland HV	Nei

4630V0051	Kleppe Austre	Nei
4630V0052	Haugegrend-Rongved HV	Ja
4630V0053	Hamrenesvegen Hjortevald	Nei
4630V0054	Drangevågen Hjortevald	Nei
4630V0055	Vestre Kleppe 2	Nei

Vi ser fram mot svar på søknaden.

Med helsing

Tore Johan Erstad
einingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.